



Rektor, Odd Steinar Arnesen, er klar for nytt skuleår med 95 elevar, av desse er det 11 6 åringar i 1. klasse (Arkivfoto).

Skulane startar måndag 17. august. I Uskedalen møter 11 elevar i 1. klasse og totalt er elevtalet 95. Det er ein nedgang frå året før. Det samla elevtalet i Kvinnherad er 1568. Av desse er det 137 elevar som går i 1. klasse. Rosendal ungdomsskule har i år 142 elevar mot 158 året før. Av desse kjem 43 elevar frå Uskedalen som på kvart årssteg er fordelte på to klassar.

Skulane har det siste året arbeidd med innføring av nytt læreplanverk med nye fagplanar. Overordna målsetjing og verdigrunnlag gjeld frå 1. august 2020. Det mest sentale i den nye læreplanen er:

- Inkluderande miljø
- Sosial læring
- Tverrfaglege tema
- Djupnelæring
- Nytt kompetanseomgrep og grunnleggjande dugleikar

Fagplanane vert innført over ei periode på tre år. Alle elevane i 1. - 5. klasse skal ha sin eigen iPad. På kommunen si heimeside les vi at elevane skal oppleve å vera ein del av eit inkluderande, trygt og godt miljø, noko som er avgjerande for læring og utvikling.



Uskedal skule er over fleire år renovert. Det siste er nye elevtoalett.

Det er framleis gult nivå på skulane, slik det var ved skuleslutt for ferien.

- Ingen sjuke skal møta på skulen
- God handhygiene
- Redusert kontakt mellom elevane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal